


22.03.2020

Finn ein blom og betal med VIPPS.



[Plakaten som syner at du kan finna ein blom og bruka VIPPS som betaling.](#)

**Gro`s Blomster er kreativ og går nye vegar i ei koronatid. Dersom du kvir deg med å gå inn i butikken, kan du finna ein blom og betala på VIPPS. Innehavar Gro Myklebust har tillit til sine kundar og ho er trygg på at varene vert betalte. Tale Hauso i NRK1 merka seg dette kreative tiltaket og hadde innslag på radioen i veka som var.**

Gro Myklebust fortel til Uskedalen.no at ho har motteke mange positive tilbakemeldingar på plakaten og tiltaket. Dei fleste kjem framleis inn i butikken, men det kan vera nokre av ulike grunnar som finn sine varer ute og som vipsar beløpet.

Personalalet passar på, vaskar og turkar dørhandtak, betalingsterminal og andre overflater fleire gonger for dagen. I dagane framover no er det mange kundar som handlar inn planter til gravene og for å pynta utanfor huset. Då kan betalingssystemet hennar vera eit godt alternativ.



I tida framover vil kundane pynta på gravene og utafor huset.

Gro vil truleg utvida tilboden med større sortement, som til dømes rosebunter og dekorasjon. Ho ser det an og tek dag for dag.

**Meld frå om du kjenner til andre døme på kreative tiltak og løysingar i ei noko krevjande tid.**

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Skjermbilete NRK/ Gro Myklebust